



Hugs å lukka grindene i beiteområda rundt omkring!

**Nyleg hadde vi ei sak der vi minna turgåarar om at det var viktig å lukka grindene då sauer no er sleppt ut på beite. Dette problemet har vore særleg stort på vegen mot Halsatoppen. I dag fekk eg melding frå grunneigar om at dei no har måtta ta sauene vekk frå dette beitet grunna stadige problem med opne grinder og sauer på viddene.**

Grunneigar Magne Huglen seier at det er fint at turgåarar nyttar seg av området, men han oppmodar sterkt om at dei alltid må lukka grindene. Dersom ein kjem til ei opa grind, må ein likevel lukka den igjen. Dette er ekstra viktig no i beitesesongen frå april til oktober, men det kan også gjelda om vinteren om det er dyr i beite.

Magne Huglen fortel at problemet no i vår har vorte så stort at saueeigaren har måtta fjerna sauene frå beitet sidan han stadig har måtta på henting etter 'rømde' sauer. Det er særleg grinda på Halsatoppen som har vorte ståande open. Det er ikkje slik det skal vera, for saueeigaren treng vårbeite, og grunneigaren treng at det er dyr på beitet som held vegetasjonen nede.

- Eg har brukt store beløp til rydjing av beitet, og dersom det ikkje er dyr der som held det nede, gror det fort opp igjen. Dersom ikkje dyr kan beita der, er sprøyting med gift einaste alternative, og det er ikkje ønskjeleg for nokon, seier Magne Huglen som oppfordrar sterkt om at alle grinder vert haldne lukka når det er dyr på beite.  
- Kanskje vert det dyr der om vinteren og. Det kan vera viktig for å behalda kulturlandsskapet.

Her kan vi løysa eit stort problem på ein enkel måte:

**VI MÅ LUKKA ALLE GRINDER NÅR VI FERDAST I OMRÅDE DER DYR BEITAR; OGSÅ GRINDER SOM STÅR OPNE MÅ LUKKAST!**

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Olav H. Bringedal.